



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bjergvin bispedømeråd

likestillings- og inkluderingsdepartementet Barne-

Dato: 01.06.2012

Vår ref: 12/146-2 JOF

Dykkar ref:

### **Høring - forslag om midlertidig lov om etablering av foreldreskap for barn i Norge født av surrogatmor i utlandet**

Høyringsfråsegn om midlertidig lov om etablering av foreldreskap for born i Noreg fødte av surrogatmor i utlandet.

Bjergvin bispedømeråd var samla til møte i dag, 29. mai, og dette er grunnen til at fråsegna kjem nokre dagar etter gjeven tidsfrist. Vi vonar likevel at Departementet kan vurdera dei synspunkta vi med dette tillet oss å melda.

Høyringsbrevet har overskrifta *Rettigheter for barn i Norge født av surrogatmor i utlandet*. Barns rettar bør alltid ha høgste prioritet, men i dette tilfellet hadde det nok vore meir sakssvarande å seia at det her gjeld å ordna opp i konsekvensane av handlingar som har skjedd i strid med norsk lov. Det er også gjennomgåande for notatet at ein opererer med omgrepet «barnas beste», og ikkje – nettopp – barns *rettar*. Ein av dei mest sentrale rettane eit barn har, er nedfelt i FN's Barnekonvensjon, pkt. 7.1. Den seier at det er ein menneskerett for eit barn å kjenna foreldra sine og å få omsorg frå dei.

Sentrale politikarar arbeider no for at alle, inklusiv single personar, skal ha rett til statleg hjelp til assistert befruktning. I eit slikt perspektiv, som automatisk set barnekonvensjonen sitt prinsipp ut av spel, må «barnas beste» og «barns rettar» naturleg underordnast vaksne menneske sine emosjonelle og naturlege behov.

Notatet gjer på førebiletleg måte greie for kor uoversiktleg problematikken ved bruk av surrogatmor er blitt. Dersom vi tenkjer oss at borna, og deira situasjon, er det problemet som skal løysast, så har vi all mulig sympati med intensjonen. Ikkje mindre enn 14 mulige kombinasjonar vert rekna opp, og diverre er ingen av dei hypotetiske. Men dermed er det også vist kor kompleks situasjonen er. I praksis kan eit barn ha fem foreldre: sæddonor, eggdonor, surrogatmor, mannleg par som juridiske eller sosiale foreldre (døme nr. 6). I dét perspektivet er det slett ikkje borna sine rettar og beste som er problemet. For borna *finst* i utgangspunktet ikkje, før nokon planlegg kjøp og sal av egg og sæd, eller midlertidig sal av livmora si, til den som kan betala. Det er på alle måtar ein miserabel situasjon. Notatet problematiserer ikkje dette, ikkje ein einaste gang, men framstiller – korrekt nok – korleis «enkelte norske statsborgere» har handla. Den midlertidige lova har altså som føremål, og i etterhand, å legalisera ei ulovleg handling.

Er det ikkje slik at Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet her legg opp til ein praksis som under honnørordet «barnas beste» set barnekonvensjonens fremste prinsipp ut av spel? Er det ikkje ein konsekvens at det er vaksne menneske sitt «beste»

som står i sentrum, når t.d. foreldreskap skal kunna etablerast etter samlivsbrot mellom homofile, også når det skjer i strid med ønsket til den som har juridisk farskap?

Bjørgvin bispedømeråd finn det dessutan å vera i konflikt med etisk tenking å betala ei kvinne for at ho skal skriva frå seg morskapet til barnet ho har bore fram. Dersom det er to menn som står bak eit slikt initiativ, legg ein med dette forslaget eit rettsgrunnlag for planlagt morlause barn.

Vi vil også problematisera lovforslaget sine døme på kva som kan erstatta biologiske foreldre sine samtykke.

Bjørgvin bispedømeråd vil difor oppmoda norske styresmakter til å setja kreftene inn for å redusera og forby den internasjonale handelen med barn, som er eit heilt adekvat uttrykk for surrogati. Den utnyttar fattige menneske, og legg marknaden open for vaksne menneske sin «design» av sine etterkomarar.

Departementet opplyser ikkje noko om kvifor overgangsordningane skal heimlast i ein *midlertidig* lov. Her er det sett ein frist både for søknader etter lova, og ein dato for når lova vert gjort ugyldig. Men kva er Departementet sin langsiktige strategi? Er det å innarbeida i lova dei tilfella som i dag fell utanfor, og slik «serva» ein rettstilstand som ikkje primært vil ha barnas beste for auga?

Bjørgvin bispedømeråd innser at vi med dette ikkje *ad lovvegen* har løyst dei problema som «enkelte norske borgere» har påført borna. Men vi meiner det er betre å løysa det på andre måtar, som på individuelt vis sikrar borna sine økonomiske og juridiske rettar, enn ved at heile lova – og dermed på sikt: vår rettstenking – vert endra.

Med helsing

Jan Ove Fjelltveit e.f.  
Stiftsdirektør  
Direkte innval: 5530 6474